



HJELMELAND  
KOMMUNE

## ETISKE RETNINGSLINJER FOR FOLKEVALDE OG TILSETTE I HJELMELAND KOMMUNE (KSAK 039/17)

Hjelmeland kommune er ansvarleg for grunnleggjande velferdstenester og forvaltar store ressursar på vegne av fellesskapet. Folkevalde og tilsette i Hjelmeland kommune skal arbeide for fellesskapet sitt beste i tråd med lovar, reglar, kommunen sitt verdigrunnlag og politiske vedtak. Me opptrer på ein måte som gir tillit i befolkninga og som ikkje skader kommunen sitt omdømme. Me er ærlege og opne i ein kvar samanheng.

Kommunen er gitt stor makt som forvaltar av ei rekke lovar og forskrifter. Det er difor viktig at haldningane til folkevalde og tilsette speglar eit høgt etisk medvit. Eit fungerande lokaldemokrati føreset innbyggjarane sin tillit.

*Alle leiarar i Hjelmeland kommune har gjennom ord og handling stor påverknad på kulturen og normene for åferd i organisasjonen. Det er leiar sitt ansvar å syte for at dei etiske retningslinjene er kjende og at det vert lagt til rette for gjennomgang av dei etiske retningslinjene og etisk refleksjon. Leiarar på alle nivå skal gjennomgå våre etiske retningslinjer med sine medarbeidarar ein gong i året. Ved ny tilsetting er dette tema for «introduksjon av nytilsette». Leiarar skal sjå til at alle tilsette underteiknar på at dei har lest og forstått kommunen sine etiske retningslinjer.*

### Kva tyder «etikk» og «moral»?

Det kan vera vanskeleg å skilja mellom omgrepene etikk og moral.

Enkelt forklart kan ein seia at **etikken** er det teoretiske grunnlaget for akseptabel åferd, retningslinjer/normer for dei meir grunnleggjande spørsmål i livet – spørsmål om kva som er rett eller galt, godt eller vondt. **Moralen** er praktiseringa av dei etiske normene i det daglege.

**Dei etiske retningslinjene er eit supplement til gjeldande organisasjonsverdiar**, og skal gjelda for både folkevalde og tilsette.

### Organisasjonsverdiane har slik ordlyd:

- Me møter brukarane våre med respekt og interesse
- Me syner open og ærleg framferd
- Me legg vekt på fagleg godt arbeid
- Me vil gjera vårt for å fremja trivsel og arbeidsglede
- Me forventar godt og utviklende samarbeid
- Me er lojale mot leiinga, kvarandre og gjeldande reglar
- Me er villige til å tenkja nytt og finna løysningar

Desse verdiane byggjer opp om kommunen sitt mål i det daglege arbeidet om at Hjelmeland kommune skal vera ein framtidsretta, inkluderande og løysningsorientert kommune.



HJELMELAND  
KOMMUNE

## FØREMÅL

Etiske retningslinjer skal vera ei etisk norm for politisk arbeid og arbeid utført av tilsette i Hjelmeland kommune.

Hjelmeland kommune vil leggja vekt på at gode etiske grunnhaldningar skal prega verksemda i organisasjonen. Dette for å skapa tillit mellom tilsette, folkevalde og innbyggjarar.

## LOVVERK, INTERNE REGLAR OG VEDTAK SKAL FØLGJAST

Hjelmeland kommune legg stor vekt på ærleg og open framferd i all si verksemd. Både folkevalde og tilsette har ansvar for å etterleva dette prinsippet. Som forvaltar av samfunnet sine felles midlar vert det stilt særskild høge krav til den einskilde sine haldningar i si verksemd for kommunen.

Alle pliktar å vera lojale mot lovar, forskrifter og reglement som gjeld for kommunen si verksemd. Det er også forventa at alle held seg lojalt til dei vedtaka som er fatta.

## DET ER EIT FELLES ANSVAR Å BYGGJA TILLIT

Folkevalde og tilsette er viktige for innbyggjarane sin tillit og haldning til kommunen. Dei skal derfor ta aktiv avstand frå, og kjempa mot, uetisk forvaltningspraksis.

## KOMMUNEN SKAL FØLGJA GOD FORVALTNINGSSKIKK

Sakshandsaminga skal vera open og reileg. Hjelmeland kommune følgjer prinsippet om meiroffentlegheit i forvaltninga. Dei tilsette skal opptre profesjonelt og i tråd med god forvaltningsskikk. Alle innbyggjarar skal handsamast likeverdig.

Fortrulege opplysningar som vert mottekte i samband med handsaming av saker i kommunen, må respekterast og ikkje nyttast til personleg vinning.

All informasjon som vert gitt i samband med arbeid eller verv for kommunen, skal vera korrekt og påliteleg, og ikkje med vitande og vilje bli gitt ei uklar formulering.

## TILSETTE OG FOLKEVALDE SKAL VERA VAKNE MED TANKE PÅ HABILITET OG INTERESSEKONFLIKTAR

Den einskilde har plikt til å melda frå til overordna eller utvalsleiar/ordførar om det er grunn til å tru at det kan stillast spørsmål ved habiliteten til vedkomande.

I dei tilfelle kor rådmannen sjølv er inhabil skal alle avgjersler og vedtak i saka bli fatta av det nærmeste kompetente politiske organ. Ordføraren må i slike tilfelle vurdere om saka sitt innhald tilseier at saksførebuinga bør skje i ein annan kommune.



HJELMELAND  
KOMMUNE

Folkevalde og tilsette i kommunen skal unngå å koma i situasjoner som kan føra til konflikt mellom kommunen sine interesser og personlege interesser, under utføring av arbeid eller verv for kommunen. Dette gjeld også tilfelle som ikkje vert råka av habilitetsreglane i forvaltningslova.

Døme på slike moglege interessekonfliktar kan vera:

- Tilhøve til tidlegare arbeidsgjevar eller arbeidskollegaer.
- Løna bistilling/arbeid som kan påverka arbeidet i kommunen.
- Engasjement i interesseorganisasjon eller politisk verksemd som vedkjem tilhøve som den einskilde arbeider med i kommunen.
- Personlege økonomiske interesser som kan føra til at vedkomande kjem i ein konkurrancesituasjon eller lojalitetskonflikt i høve til den kommunale verksemda.
- Familie og andre nære relasjoner.

### **TILSETTE SKAL OPP TRE LOJALT**

Kommunen sine tilsette pliktar å følgja dei rettslege og etiske reglar og retningslinjer som gjeld for verksemda, samt å etterfølgja pålegg frå overordna. Tilsette kan likevel aldri verte plikta til å følgja pålegg om å gjera noko ulovleg eller uetisk.

Kritikkverdige tilhøve skal takast opp tenesteveg. Om nærmaste leiar viser motvilje mot å ta saka vidare, kan den tilsette venda seg til nærmaste overordna for eigen leiar.

Dei tilsette har ikkje høve til å fremja sine tenestelege tilhøve direkte til kommunen sine folkevalde med sikte på å omgå normal tenesteveg.

Tillitsvalde og verneombod har ansvar for – og plikt til – å fremja eventuelle klagemål på vegne av einskildmedlemmar og organisasjonen på ein høveleg måte. Dei tillitsvalde og verneomboda sin uttalerett vert utifrå dette større enn for andre arbeidstakrar. Samstundes har dei tillitsvalde og verneomboda eit medansvar for å ta vare på samarbeid og arbeidsmiljø, noko som i einskilde tilfelle kan føra til at ytringsfridomen vert redusert.

Det skal utvisast varsemd med å gje uttalar som skapar, eller kan vera eigna til å skapa, tvil om den politiske avgjerdssprosessen.

### **FOLKEVALDE SKAL VERA BEVISST SI ROLLE SOM REPRESENTANT FOR KOMMUNEN**

Folkevalde må vera seg bevisst si rolle og sitt kollektive ansvar som arbeidsgjevar. Det føreset at dei kommuniserer med respekt overfor tilsette og overfor kvarandre på tvers av partigrensene.

Dei folkevalde har eit særleg ansvar for å tydeleggjera og skapa aksept for etisk forsvarleg åferd, og leggja rammene for ei god praktisering av dette. Folkevalde bør venda seg til ordførar ved alle typar tvilstilfelle.



HJELMELAND  
KOMMUNE

Dei folkevalde har eit sjølvstendig ansvar for å omtala kommunen og dei tilsette på ein skikkeleg måte.

### **TILSETT HAR RETT OG PLIKT TIL Å VARSLE**

Arbeidstakar har rett og plikt til å varsle om kritikkverdige tilhøve i Hjelmeland kommune (jf. AML § 2-4). Kritikkverdige tilhøve er saker som er uetiske, lovstridige eller som kan truga liv eller helse. Eit særskilt ansvar har tilsette som ser tilhøve som kan føra til fare for brukarane sin tryggleik.

Det er eit krav at framgangsmåten ved varsling er forsvarleg. (sjå rutine for varsling.)

Varsling skal først skje til nærmeste leiar. Vert det ikkje følgt opp der, skal det varslast til overordna leiar/personalsjef eller hovudverneombod/tillitsvalt.

### **TILSETTE SKAL HA VERN MOT STRAFF FOR Å HA VARSLA**

Ein tilsett som varslar er verna mot gjengjelding frå verksemda (jf. AML § 2-5). Vernet mot gjengjelding gjeld så langt arbeidstakar sin framgangsmåte ved varsling er forsvarleg.

### **KOMMUNEN SKAL HA EIT GODT ARBEIDSMILJØ, UTAN MOBBING OG DISKRIMINERING**

Mobbing eller trakkassering av kollegaer skal ikkje skje. Tilsette har eit ansvar for å gripa inn eller varsle nærmaste leiar om dei oppdagar at kollegaer vert mobba på arbeidsplassen. Når nærmaste leiar opptrer uakzeptabelt, skal saka om nødvendig bringast til neste nivå.

Hjelmeland kommune er i mot ei kvar form for diskriminering, og ventar at folkevalde og tilsette bidreg til å verkeleggjera denne haldninga.

### **DET SKAL VISAST VARSEMD I HØVE GÅVER OG ANDRE FORDELAR**

Folkevalde og tilsette i Hjelmeland kommune skal seia nei til personlege fordelar som kan påverka, eller vera eigna til å påverka, dømekrafta i det arbeidet ein gjer.

Døme på slike moglege personlege fordelar kan vera:

- Gåver som er av ein slik art at dei kan påverka, eller vera mistenkt til å påverka, ei avgjerd. Dette gjeld likevel ikkje blomar, konfekt eller liknande i ein samanheng kor slik merksemdu er naturleg. Ved tvil skal saka leggjast fram for nærmaste overordna. Gåver som ikkje kan mottakast, skal returnerast avsendar med forklaring.
- Utnytta kommunale rabattordningar for å oppnå eigne fordelar i samband med personlege innkjøp. Gjestfridom og representasjon utover det som er vanleg i avgjerdssprosessen, eller kan gje andre grunn til å tru det.



HJELMELAND  
KOMMUNE

- Reiseutgifter i fagleg samanheng skal dekkast av kommunen. Unnatak kan berre skje etter eige vedtak fatta av rådmannen.

Om avdelingar får tilbod om gåver frå firma eller privatpersonar skal det klargjerast med rådmannen at desse kan takast i mot.

Tilsette kan ikkje ta imot testamentariske gåver frå brukarar av kommunen sine tenester, t.d. omsorgstenester, når dette har samanheng med arbeidet i kommunen.

#### **KOMMUNEN SINE RESSURSAR OG VERDIAR SKAL VERNAST OM**

Bruk og lån av kommunen sine bilar, maskinar og anna utstyr av ulikt slag skal berre skje i samsvar med eigne fastsette retningslinjer. Det same gjeld for kjøp. Materiellet kan berre nyttast til privat og ikkje næringssamanheng. Ved alt lån av utstyr skal lånar dekkja eventuelle utgifter. Retningslinjene gjeld for alle folkevalde og tilsette i kommunen.

#### **EIN SKAL VERA VARSAM NÅR DET VERT NYTTA KOMMUNIKASJON I SOSIALE MEDIUM**

Sosiale medium utfordrar den einskilde på å vera bevisst sin eigen kommunikasjon. Tilsette skal vera seg bevisst at dei kan bli oppfatta som kommunalt tilsette også når ein ytrar seg om sine saksområde i sosiale medium, (sjå retningslinjer for politikarar og tilsette i Hjelmeland kommune for bruk av sosiale medium.)

Kommunen som organisasjon, folkevald eller tilsett deltek ikkje i reklamesamanheng for leverandørar som har levert produkt eller tenester til kommunen.

Me kan opptre som referansar for ein leverandør sine kundar når avtalen om å vera referanse vert inngått utan at det skal påverke leverandøren sin pris ovanfor Hjelmeland kommune

Tenesteområda kan laga eigne retningslinjer for bruken av sosiale medium.